Revisjonssak for Finndølavassdraget

1 Innleiing

Fyresdal og Valle kommunar krev opning av revisjon etter vassdragsreguleringslova for følgjande konsesjonar:

- Regulering av Hovatn, Fisstøylvatn og Raudvatn 7.4.1961
- Reguleringar og overføringar i Finndøla med vidare, 12.11.1970
- Bygging av Haukrei kraftverk, 22.3.1991

Valle kommune tok opp spørsmålet om revisjonssak for Hovatn mfl med NVE vinteren 2011. På eit møte med rådmennene i Valle og Fyresdal 2.3.2011 var Olav Bjørn Bakken frå Tokke kommune og Helge Kiland frå Faun Naturforvaltning invitert til å orientere om erfaringane frå revisjonssaka for Tokke-Vinjevassdraget. Det blei da bestemt å engasjere Faun Naturforvaltning til å førebu krav om revisjon. Det blei også bestemt å utvide kravet til å gjelde også dei andre konsesjonane i Finndøla.

2 Rettsleg grunnlag

Høvet til å krevje revisjon er heimla i vassdragsreguleringslova 14.12.1917. I 1959 fekk lova eit tillegg der det blei gitt høve til å krevje revisjon av konsesjonsvilkår etter 50 år. I 1992 revisjonsintervallet endra til 30 år (§ 10.3):

"Vilkårene for konsesjonen kan tas opp til alminnelig revisjon etter 30 år. Er det gitt flere reguleringskonsesjoner i samme vassdrag til forskjellig tid, kan kortere revisjonsintervall fastsettes".

Konsesjonen for regulering av Hovatn, Fisstøylvatn og Raudvatn blei gitt til Arendals Vasdrags Brugseierforening for eit tidsrom på 60 år. I 1998 blei konsesjonen gjort evigvarande. Det betyr at det ikkje kan krevjast noko ny konsesjonsbehandling. Konsesjonen for reguleringar og overføringar i Finndøla med vidare er også gitt til Arendals Vasdrags Brugseierforening. Konsesjonen for Haukrei kraftverk blei gitt til Skagerak Kraft.

Tidsuavgrensa konsesjonar frå perioden 1959 – 1972 kan reviderast etter 50 år frå konsesjonstidspunktet. Alle konsesjonar frå perioden 1972 – 1992 (både med og utan tidsavgrensing) kan reviderast frå og med 2022. Alle konsesjonar etter 1992 kan reviderast etter 30 år frå konsesjonstidspunktet.

I følgje Retningsliner for revisjon av konsesjonsvilkår for vasskraftverk, OED 28.8.2010 kan krav om revisjon reisast før det formelle revisjonstidspunktet. Det er elles ingen frist for å fremje krav om revisjon. I retningslinene er det oppmuntra til å sjå heile vassdraget under eitt. Det er også i tråd med vassforskrifta, der intensjonen om ei nedbørfeltorientert forvaltning står sentralt. Å samordne revisjonane for heile vassdraget er heilt i tråd med dette.

Krav om revisjon bør fremjast og koordinerast gjennom kommunane, men kan også fremjast direkte til NVE frå frilufts- og naturvernorganisasjonar og andre. Det er ønskjeleg med lokal forankring. Etter at vassforskrifta blei innført fekk også Vassregionutvalet, i dette tilfellet for Agder vassregion, høve til å fremje krav om revisjon.

Revisjonskravet skal grunngjevast med ei oppsummering av skader og ulemper som bør avbøtast, kva som er utilfredsstillande eller ikkje fungerer og kva tiltak og endringar det eventuelt kan vera behov for.

3 Kva kan reviderast?

I følgje vassdragsreguleringslova er det bare konsesjonsvilkåra og ikkje sjølve konsesjonen som kan reviderast. Det betyr at høgaste og lågaste reguleringsvasstand (HRV og LRV) ligg fast. Elles kan det vera fleire krav det kan vera naturleg å stille for å bøte på skader og ulemper, døme:

- Magasinfylling og magasintapping
- Vassføring (og variasjon i vassføring)
- Vasstemperatur og vasskvalitet (kan styrast ved val av kjelder for vasslepp)
- Køyring av kraftverk (endringar i vasstand og vassføring)
- Vandringshinder for fisk
- Naturmiljø i og langs vassdraget (fisk, dyreliv, biologisk mangfald, friluftsliv, landskap mv)
- Andre vilkår skapt av utbygginga, eks vegar, ferdsel, merking, kulturminne osv

Utanom sjølve konsesjonen skal heller ikkje privatrettslege tilhøve vera med i revisjonssaka, jamfør Ot.prp. 50 (1991-92): *"Grunneiere og andre rettighetshavere faller imidlertid utenfor fordi deres stilling må ansees for avgjort ved skjønn"*. Dei har fått erstatning for tapa sine, og må i tilfelle dei er misnøgde gå direkte til konsesjonæren med sine krav.

4 Standard konsesjonsvilkår

Konsesjonsvilkåra for eldre konsesjonar (før 1973) har i liten grad heimel for å kunne pålegge konsesjonæren avbøtande tiltak for naturmiljøet. I konsesjonsvilkåra for regulering av Hovatn mfl. er det teke inn vilkår om pålegg til utsetting av settefisk og til fiskebiologiske undersøkingar, samt høve til å pålegge fiskesperre framfor tappelukene (punkt 14). I konsesjonsvilkåra for reguleringar og overføringar i Finndøla er det tilsvarande vilkår, samt kr 100 000 til eit kommunalt fiskefond (punkt 12). Vilkåra for Haukrei kraftverk er meir detaljerte, med mellom anna høve til pålegg om tiltak for å avsyre (kalke) vatn dersom innsatsen står i rimeleg høve til nytten.

I retningslinene for revisjonssaker (NVE 28.8.2010) har NVE signalisert at dei ved alle revisjonssaker i framtida vil innføre dei standardvilkåra som til ei kvar tid gjeld. Gjeldande versjon er datert 24.9.2004 og har mellom anna meir detaljerte vilkår for tiltak til naturforvaltning (punkt 8). Her er det mellom anna også lagt vekt på naturleg rekruttering (fisk) og vilkåra for å fiske, kompenserande tiltak for dyre- og plantelivet generelt, vilkåra for

friluftsliv og årlege innbetalingar til miljøfond. Aktuelle kompenserande/avbøtande tiltak kan vera:

- Erosjonssikring
- Terskelbygging og biotopjustering
- Badeplassar
- Tilrettelegging for bruk av båt
- Naturfaglege undersøkingar
- Utsetting av fisk og utlegging av rogn, fisketropper mv
- Vern av kulturminne i vassdrag

5 Konsesjonsavgifter og konsesjonskraft

Det er i følgje lova ikkje noko i vegen for at det også kan stillast økonomiske krav i revisjonssaka. I utgangspunktet er konsesjonsavgifter ein form for kompensasjon til lokalsamfunnet for ulempene av ei utbygging. Avgiftssatsane er bestemt i reguleringskonsesjonen, med vilkår om oppjustering etter 20 år. Oppjustering av avgiftene er regulert av forskrift FOR 12.4.1987.

Avgiftsgrunnlaget er basert på kraftgrunnlag i naturhestekrefter, som er lik produksjonen i kW x 0,6. Det er her rekna med ein gjennomsnittleg verknadsgrad i kraftverka på 82 %. I realiteten er kraftgrunnlaget ofte høgare, mellom anna som følgje av høgare verknadsgrad og større tilsig. Det er reist spørsmål om kven som skal ha utbyttet av det ekstra vatnet som klimaendringane har ført til; er det konsesjonæren eller kommunane? Det er også argumentert for at ekstra tilsig har gitt større rom for pålegg om auka minstevassføring, jamfør revisjonssaka for Auravassdraget.

Uttak av konsesjonskraft er også bestemt i konsesjonen, der kommunane og fylkeskommunen får rett til å ta ut inntil 10 % av krafta, til kostpris. Den kraftmengda kommunane kan ta ut er basert på prognosar for behovet til alminneleg elektrisitetsforsyning i kommunen. Kommunane bestemmer sjølve kva pris dei vil selje krafta for. I mange år var det ikkje noko særleg skilnad mellom kostpris og vanleg kraftpris, men dei siste åra har det vore mykje å tene ved å kunne få kraft til kostpris. Fordelinga mellom fylkeskommunen og kommunane er regulert gjennom ei eiga avtale.

6 Fond

I vassdragsreguleringslova § 12 nr 17 heiter det at ”Det er adgang til i konsesjonen å oppstille ytterligere betingelser, herunder pålegg om opprettelse av næringsfond for den enkelte kommune når dette i det enkelte tilfelle finnes påkrevd av allmenne hensyn”. Av standardvilkåra punkt 2 gjeng det fram at konsesjonæren kan pliktast til å betale pengar til næringsfond. Midlar frå konsesjonsavgifter og næringsfond skal gå inn i same fondet og forvaltast av kommunestyret til fremjing av næringslivet i kommunen.

I Vinstrasaka, som blei avgjort av OED 12.12.2008, kravde kommunane eit næringsfond på 45 millionar. Det blei vist til vilkåra for Noreverka, der magasinvolumet var relativt likt. Vidare blei det vist til Ot. prp. 50 (1991-1992) s. 47 der det heiter: ”For de fleste vilkår vil en skjerpelse kun medføre økonomisk belastning for konsesjonæren (eks konsesjonsavgifter,

næringsfond og naturvernvilkår), mens en skjerpelse i form av nytt strengere vilkår om minstevannføring også vil medføre produksjonstap som vil kunne få betydning for landets totale kraftproduksjon. Dette må veies opp mot den miljømessige vinning".

NVE på si side viste til brev 21.2.2002 til Skjåk kommune om avslag på revisjon av vilkåra for Raudals- og Breidalsreguleringa, der det heiter: "Formålet med revisjon av eldre tidsubegrensede konsesjoner er i hovudsak muligheten til å kunne iverksette miljøforbedrende tiltak. Næringsfond er lite egnet til å avbøte miljøskader og –ulemper i denne sammenheng. Etter departementets syn skal det særlig sterke grunner til før det kan være aktuelt". Det blir elles vist til at kommunane er sikra stabile inntekter gjennom avgifter, konsesjonskraft og skattlegging av kraftverk.

I revisjonssaka for Tokke-Vinjevassdraget har kommunane derfor valt å satse på eit miljøfond. Dersom krav om avbøtande tiltak ikkje fører fram, bør ein del av miljøulempene for ålmenta kunne avhjelpast med eit fond for miljøtiltak i andre delar av kommunane. I Vinstrasaka hadde Direktoratet for naturforvaltning framlegg om 345 000 som årlege tilskot til tiltak innan fisk/vilt/friluftsliv. NVE innstilte på 75 000 samla til 3 av kommunane og ingenting til dei 2 andre. Resultatet av behandlinga i OED var eit eingongsbeløp på 6 millionar fordelt med ein bestemt sum til kvar kommune.

I konsesjonen for Finndøla er Fyresdal kommune tildelt 100 000 til eit fiskefond (konsesjonsvilkåra punkt 12). Saman med resultatet frå ny konsesjon for Fyresvatn har det blitt eit kommunalt fiskefond med ein grunnkapital på 200 000 kr.

7 Kulturminne

Dei fyrste arkeologiske undersøkingane i framkant av ei kraftutbygging blei utført av Universitetets oldsaksamling i 1959 i den aktuelle reguleringssona for høgfjellsmagasina i Tokke-Vinje reguleringa. Kulturminnelova (1978) gjev pålegg om arkeologiske undersøkingar før anleggsstart, og kan ved fornying av konsesjon også gje pålegg om supplerande undersøkingar i dei områda som er direkte berørt av reguleringa. Det er forslag om at konsesjonæren skal betale kr 7000 pr GWh magasinkapasitet til eit fond for å finansiere slike undersøkingar. Forslaget gjeld bare for utbyggingar før 1960.

Det er bare kulturminne frå før 1537/1650 som er automatisk freda etter kulturminnelova. Freding av andre kulturminne må skje med enkeltvedtak. Langs vassdrag er det ofte mange vassdragsrelaterte kulturminne knytte til fløting, kvernhus, stampar osv som det er aktuelt å ta vare på. Skådammar og andre dammar er ofte laga av hoggen stein, som kan vera av interesse til husbygging og liknande og derfor utsette for riving. Ein må gå ut i frå at det er brukseigarforeininga som er ansvarleg for dammane. Rydding av kratt for å få fram dammane bør takast opp med brukseigarforeininga. Det bør lagast ein enkel oversikt over dei aktuelle kulturminna.

8 Ferdsel

Alle vegar og bruer med vidare som konsesjonæren byggjer skal vera opne for ålmenta. Vidare er det i konsesjonen bestemt at støylsvegar skal leggjast om og at det skal byggjast bru over Finndøl til Ramsvatn. Det er ikkje sagt noko om standarden på vegane. Det gjeng truleg fram av utbyggingsskjønnet. Likeeins bruken av bompengar.

Følgjande vegar blir rekna som anleggsvegar:

- Vegen frå Libru til Torsdalsdammen og frå Libru til Øysæ
- Vegen til Gausvatn
- Vegen til Votnæ (Votnævegen)

Andre vegar bygde i samband med reguleringa blir rekna som tiltaksvegar og er private. Utsettingsstader for båt kan vera aktuelle i reguleringsmagasin som Torsdalsdammen og Øysæ. Behov og tilhøve til erstatningsskjønn må avklarast nærare. For at eit båtutsett skal takast med som krav i revisjonssaka må det vera ope for alle.

9 Manøvreringsreglement og minstevassføring

Tabell 1. Reguleringsmagasin

Magasin	Regulerte vatn	Reguleringshøgde m	Areal km^2 ved HRV - LRV
Torsdalsdammen	Rauvatn Fisstøylvatn Hovatn	21	6,9 – 3,2
Votnæ	Svånevatn Midvatn Votnevatn	23	2,5 – 0,2
Øysæ	Øysæ	24	3,7 – 1,4
Gausvatn	Gausvatn	39	1,9 – 0,3

Tabell 2. Andre vatn som er påverka av regulering. * kan senkast 2 m. ** er senka 0,5 m.

Redusert gjennomstrøyming	Auka gjennomstrøyming	Overført/endra utløp
Streitsvatni	Reinmosetjønn**	Øyuvsvatn
Valevatn	Morketjønn	Ulvsvatn
Bjorfit	Brontjønn*	Tussetjønn
Djuptjønn	Røynbrokktjønn	Grimvatn
Skåltjønn	Slådalstjønna	
Kleivvatn	Ramsvatn	
Ramnvatn	Haukreivatn	
Bondalsvatn		
Rudsvatn		
Streitsvatni		

Tabell 3. Regulerte elvar

Redusert vassføring	Lengde, ca km	Minstevassføring, m^3/s
Øvre Finndøl	15	0,4 v/utløp Streitsvatni 1.1 – 31.12.
Ramnåi	13	?
Bondøl	2	1,5 frå vårflaumen til 31.12.
Gausåi	3	Inga minstevassføring
Finndøla	3,5	Inga minstevassføring
Nedre Dalåi	5,5	Inga minstevassføring
Krøåni/Borgåni	5	Inga minstevassføring
Fardøl	15	Inga minstevassføring

Elva Revne frå Ramsvatn har fått auka vassføring. Det same gjeld bekken frå Øyuvsvatn til Øysæ.

10 Verknader av regulering

Det er gjort mange studiar på verknadene av vassdragsreguleringar, fyrst og fremst på fisk men også delvis på fiskens næringsdyr (plankton, større krepsdyr, insekt). Etter regulering er det ein demningseffekt på vanlegvis 3 – 5 år der næringstilgangen aukar kraftig som følgje av utvasking frå reguleringssona, neddemming av større areal, røter og andre planterestar mm. Deretter er det ein langvarig utarmingsperiode, der innhaldet av næringssalt etter kvart er betydeleg redusert i høve til før regulering. Det kan illustrerast ved figuren nedanfor:



FAS	FÖRE	INI-TIAL	ÖVER GÅNG	AV-KLING -NING	EFTER
År		4-5	5-8	8-15	15-
Produk-tion (gCm2/år)	*50-70*	*100-120*	*80-100*	*40-60*	*30-50*
Total P	2-4	10-14	6-8	2-4	1-3
Trofi-status	Oligo-trof	Meso-trof	Oligo-trof	Ultra-Oligo-trof	Ultra-Oligo-trof
Fisk-prod (kg/ha/ år)	Låg (1-5)	Måttlig (10-15)	Låg (6-9)	Låg (1-3)	Mycket låg (0,2-2)

Faunaen av større næringsdyr blir kraftig redusert. Marflo, sniglar og vårfluger blir borte ved reguleringshøgder på meir enn 6 respektivt 8 og 12 m. Linsekreps toler reguleringa nokså godt, har fleire generasjonar i løpet av året og egga toler frysing og tørrlegging. Erosjon og utvasking av strandsona fører til at strandsona etter kvart betyr svært lite for fiskens diett. Erosjon lagar også problem for fiske, bruk av båt, bading osv.



Utbytte i kg pr prøvegarnserie i reguleringsmagasin i Hallingdal

I dei fleste reguleringane har reguleringsmønsteret dei siste 50 åra endra seg frå produksjon av vinterkraft til levering av kraft også andre tider av året. Dette skaut fart ved oppheving av energilova i 1990 og seinare utbygging av overføringsnettet til utlandet. Våren og forsommaren 2006 var tilsiget til magasina på Hardangervidda uvanleg lågt. I august var enkelte magasin bare 60 % fulle, noko som i enkelte vatn førte til ei halvering av fiskeproduksjonen det året. Likevel blei det på grunn av høge kraftprisar i utlandet eksportert kraft. Det er ein situasjon ein bør ta høgde for gjennom vilkårsrevisjonen.

I elvane fører reguleringsmagasin til at straumen av driv (næringsstoff og næringsdyr) frå vatn til elvane nedanfor blir kraftig redusert. I elvane fører også redusert vassdekt areal som regel til redusert produksjon. I tillegg kan det vera skapt vandringshinder og redusert tilgang til gyte- og oppvekstområde. Redusert vassføring kan også gje problem med tilgroing og ureining pga redusert resipientkapasitet.

I følgje vassressurslova (2000) skal ved uttak eller bortføring av vatn *"minst den alminnelige lavvannføring være tilbake"* (§ 10). Nesten alle nye kraftutbyggingar skjer etter vassressurslova. Vassdragsreguleringslova har ingen tilsvarande reglar, men det blir hevda at det i revisjonssaker også bør leggast vekt på reglane i denne lova, som er nyare og meir moderne.

11 Revisjonssakene og vassforskrifta

Me har også krava i vassforskrifta (2006), der alle naturlege vassførekomstar skal nå minst god økologisk tilstand innan utgangen av 2021. For å nå dette målet er det ein føresetnad at alle tilgjengelege miljøtiltak innan alle sektorar skal gjennomførast. Landssamanslutninga for vasskraftkommunar (LVK) har saman med dei største natur- og friluftsorganisasjonane og 70

elveeigarlag nyleg klaga Statens manglande vilje til å innføre miljøkrav for gamle vasskraftanlegg inn for EFTA sitt overvakingsorgan ESA.

Etter vassforskrifta skal det lagast forvaltningsplanar med særlege miljømål for alle vassførekomstar. For modifiserte (regulerte) førekomstar gjeld kravet om minst godt økologisk potensial, som er det beste ein kan oppnå når det samstundes er teke omsyn til kraftproduksjonen. I den samanhengen meiner vasskraftkommunane at tilgjengelege miljøtiltak ikkje bør kunne forskuvast til tidspunktet for ordinær revisjon etter vassdragsreguleringslova. Det blir mellom anna vist til Stortinget sine merknader (Innst. S. 131 2008-2009), der det heiter:

"Komiteen mener tiltaksplanene som skal utarbeides med utgangspunkt i direktivet, må innlemme revisjoner av vannkraftkonsesjoner. I særdeleshet er det viktig å få til ordentlige miljøforbedringer der det ikke er krav om minstevannføring i dag. På sikt må konsesjonsrevisjonene synkroniseres med revisjon av forvaltningsplanene i vannregionene, slik direktivet forutsetter. Komiteen vil påpeke at det generelt er stort forbedringspotensial på mange plan i gamle vannkraftverk, der potensialet for miljøforbedring kan være stort med bare litt vannslipp."

12 Fornybardirektivet

2009 slutta Noreg seg til EU sitt fornybardirektiv, der minst 20 % av energiforsyninga innan 2020 skal vera basert på fornybar energi. Noreg skal arbeide for å auke sin del frå 60 til over 70 % fornybar energi. Saman med eit større energibehov legg dette større press på norsk magasinerbar vasskraft. Noreg har ca halvparten av all magasinkapasiteten i Europa.

Fornybardirektivet skal ikkje vera til hinder for miljøbetringar i regulerte vassdrag, men seier derimot at medlemsstatane må ta omsyn til all miljølovgjeving i EU. Der er vassdirektivet rekna som det viktigaste miljødirektivet. Det norske vasskraftpotensialet er rekna til 205 TWh. Av dette er 49 varig verna og 123 utbygd. Av dei 33 TWh som er att er 11 under utbygging eller konsesjonssøkt/under konsesjonsbehandling. Behovet innan EU er venta å auke frå 3300 TWh til 4100 TWh i 2030.

13 Oppsummering

Valle og Fyresdal kommunar krev opning av revisjonssak for alle dei 3 konsesjonane i Finndøla vassdraget, og ønskjer å koordinere revisjonssaka med forvaltningsplanen for Agder vassområde. Miljømåla i forvaltningsplanen vil gje føringar for revisjonssaka.

Kommunane tek sikte på å gjennomføre ein open prosess i framkant av kravet om opning av revisjonssak, med møte og innhenting av innspel og kommentarar frå organisasjonar, grunneigarar og andre interesserte. Det vil vera eit viktig grunnlag for det revisjonsdokumentet som NVE skal godkjenne og sende ut på høyring.

Kommunane har engasjert Faun Naturforvaltning ved Helge Kiland til å arbeide med revisjonssaka.